

Fra: Ole Hallvard Harlem Dyrbekk
Sendt: 01.04.2016 13:10:23
Til: arnhildlienes@gmail.com
Kopi: TRAFIKKETATEN@bergen.kommune.no

Emne: Svar på epost om innfartsparkering i Åsane
Vedlegg: image001.png
Hei Arnhild Liene Stenersen,

viser til ditt brev av 9. januar 2016 om innfartsparkering i Åsane. Fylkeskommunen er kjent med at kapasiteten på innfartsparkeringsplassen ved Åsane terminal er fullt utnyttet tidleg på morgonen. Det er også riktig, som du påpeikar, at innføringa av tidsdifferensierte bompengar har auka etterspurnaden etter kollektivtransport, noko som igjen aukar etterspurnaden etter innfartsparkering.

Det er sett av midlar til å auke kapasiteten til Åsane terminal i byggeprogrammet for 2016 i Bergensprogrammet. Ei utviding av bussterminalen vil ta nokre innfartsparkeringsplassar. Desse søkar me erstatta attmed terminalen, tett opp mot E39. Dette kan gje fleire plassar enn det ei utviding av terminalen vil ta.

Det vert også arbeidd med å etablere mellombels innfartsparkering på tomt for ny vidaregåande skule i Åsane (mellom Åsanehallen og Horisont kjøpesenter). Dette arealet vert i dag nytta til senterparkering, og vil auke kapasiteten for innfartsparkering i Åsane. Plasseringa av arealet gjer at dei reisande vil få noko lengre veg til busshaldeplassen (ca. 300 meter til stamlinje 4, ca. 600 meter til Åsane terminal).

Vidare arbeid med mogleg ny, permanent innfartsparkering i Åsane er knytt til Bybanen. Det er naudsynt å avklare trase for Bybanen for å sikre samanheng med parkeringstilbod og haldeplass for bana. Det er Bergen kommune som er planstyresmakt for Bybanen, og vidare arbeid med dette prosjektet vil skje i samråd med Bergen kommune og Statens vegvesen gjennom Bergensprogrammet.

Me håpar at desse utvidingane av tilbodet for kollektivreisande som nyttar innfartsparkering i Åsane vil verte merka i kvardagen. For meir informasjon om korleis fylkeskommunen jobbar med innfartsparkering, visar me til «[Strategi for innfartsparkering fram mot 2030](#)», som vart vedteke av Fylkestinget 11. mars 2015.

Venleg helsing

Ole Hallvard Harlem Dyrbekk
Rådgjevar
Samferdselsavdelinga | vegseksjonen



Tlf: 55 23 93 48 | Mob: 472 77 697
www.hordaland.no